

Samarbeidsavtale for Sognarådet interkommunalt politisk råd

1. Namn, deltakarar og rettsleg status

Sognarådet interkommunalt politisk råd vert oppretta med heimel i kommunelova kap 18. Sognarådet IPR er ei vidareføring av Sogn regionråd, etablert i 1992.

Deltakarar er kommunane: Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sognarådet interkommunalt politisk råd er ikkje eit rettssubjekt.

2. Formål

Sognarådet interkommunalt politisk råd har som formål å

- vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen
- fremje regionen sine interesser i regional og nasjonal samanheng
- vera ein pådrivar for utvikling av regionen
- initiera prosjekt og utviklingsarbeid
- skapa samhandlingsarenaer for næringsliv, forskings- og utdanningsmiljø og offentlege styresmakter

3. Representantskapet

Sognatinget er representantskap og øverste organ for Sognarådet IPR. Representantskapet er samansett av formannskapa i eigarkommunane. Kvar kommune har ei stemme.

Representantskapet er vedtaksført når 2/3 av medlemmane er til stades.

Kommunedirektørar kan møte, men då berre med talerett. Sekretariatet møter med talerett.

Representantskapet møtest minst to gonger kvart kalenderår og vert vanlegvis kalla inn 14 dagar på førehand.

På første representantskapsmøte kvart år skal det veljast leiar og nestleiar for Sognarådet.

Representantskapet handsamar årsbudsjett, handlingsplan, rekneskap, årsmelding og strategiplan.

4. Arbeidsutvalet

Ordføraren er kommunen sin representant i arbeidsutvalet, med varaordføraren som vararepresentant.

Leiar og nestleiar i arbeidsutvalet er den same som leiar og nestleiar for representantskapet.

Kommunedirektørar kan møte, men då berre med talerett. Sekretariatet møter med tale- og framleggsrett.

På bakgrunn av tilråding frå sekretariatet, gir arbeidsutvalet innstilling i saker som ordinært skal handsamast av representantskapet.

Arbeidsutvalet er vedtaksført når 2/3 av medlemmane er til stades.

Det skal setjast opp møteplan for eitt år om gongen.

5. Avgjerdsrett og oppgåver

Sognarådet IPR handsamar og tek avgjerd i følgjande saker:

- Felles strategiar og handlingsplan
- Fråsegner på vegne av rådet
- Ta initiativ til og gjennomføra felles prosjekt og utgreiingar
- Etablere underordna styringsorgan og arbeidsutval
- Val av leiar og nestleiar
- Rekneskap, årsmelding og budsjett
- Avtale drift av sekretariatet med arbeidsgjevar- og kontorkommune

6. Sekretariat

Rådet kan kjøpe sekretariathjelp som står for den daglege drifta innanfor dei rammene som er fastsett av Sognarådet IPR.

Sognarådet IPR kan elles be om hjelp frå medlemskommunane i høve sekretariatet sine oppgåver.

Sekretariatet skal syte for å halde kommunar og rådsmedlemmer orienterte om verksemda i rådet, og stå for praktisk arbeid etter vedtak i rådet.

Sogndal kommune er arbeidsgjevar- og kontorkommune, og har ansvar for arkiv og rekneskap.

7. Eigardel og økonomi

Kvar deltakarkommune eig lik andel av Sognarådet IPR.

Deltakarkommunane har økonomisk ansvar for rådet sine forpliktingar i samsvar med eigen finansieringsandel, jf likevel § 18-2.

Partane i samarbeidet ber sjølve utgiftene til møte, reise, diett mv. i samband med møta i arbeidsutvala og representantskapa. Det same gjeld utgifter med tillitsfunksjonar rådsmedlemmene vert valde til.

Medlemskommunane betalar ein kontingent til Sognarådet IPR. Storleiken på denne kontingenten skal dekkja sekretariatsfunksjonen, disponible midlar for rådet og midlar til prosjekt som rådet har vedteke.

Som hovudprinsipp skal kontingenten delast slik: 30 prosent er lik grunnsom for alle kommunane, 70 prosent skal vera eit kronebeløp pr. innbyggjar. Rådet kan i særskilde prosjekt vedta at alle kommunane skal betale ein lik sum.

Det vert vist til kommunelova § 14-8 og forskrift med heimel i kommunelova om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv av 7.6.2019, kap 8 særlege reglar for interkommunalt politiske råd.

Rekneskapen for Sognarådet IPR inngår som eige ansvar i kontorkommunen sitt rekneskap og vert revidert som del av denne rekneskapen.

8. Endring av samarbeidsavtalen

Kommunestyra i deltakarkommunane vedtek endringar som er omfatta av kommunelova § 18-4 fjerde ledd.

Andre endringar kan representantskapet vedta med minst 2/3 fleirtal. Alle kommunane skal vera representerte på eit slikt møte.

9. Utmelding

Utmelding kan skje med 6 månader skriftleg varsel til rådet, likevel slik at utmeldinga skjer frå eit årsskifte. I så fall heftar kommunane for sin del av dei fellesutgifter rådet måtte ha påteke seg før utmeldinga før utmelding vart sendt, og for eventuelle sams administrasjonsutgifter i utmeldingstida.

10. Oppløysing

Rådet kan oppløysast av representantskapet med 2/3 fleirtal. Representantskapsmøte skal kallast saman med frist på 6 månader og alle kommunane skal vera representerte.

Ved oppløysing har kontorkommunen ansvar for oppbevaring av arkivet.

Sogndal, 30. oktober 2023



Kjell Bøe Bjørgum
ordfører Aurland kommune




Andreas Wollnick Wiese
ordfører Luster kommune



Audun Mo
ordfører Lærdal kommune



Stig Ove Ølmheim
ordfører Sogndal kommune



Roy Egil Stadheim
ordfører Vik kommune



Christian Sønstlien
ordfører Årdal kommune

Samarbeidsavtalen er vedteken av kommunestyra:

Kommune	Sak	Dato
Aurland kommune	31/2023	15.06.2023
Luster kommune	20/2023	30.03.2023
Lærdal kommune	20/2023	30.03.2023
Sogndal kommune	17/2023	30.03.2023
Vik kommune	24/2023	23.03.2023
Årdal kommune	19/2023	27.04.2023